

KOMMISJONSFORORDNING (EF) NR. 930/2000

2004/EØS/29/05

av 4. mai 2000

om fastsetjing av gjennomføringsreglar med omsyn til kor eigna sortsnamna til planteartar til jordbruksfremål og grønsakartar er(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 70/457/EØF av 29. september 1970 om den felles sortliste for planteartar til jordbruksformål⁽¹⁾, sist endra ved direktiv 98/96/EF⁽²⁾, særleg artikkel 9 nr. 6,

med tilvising til rådsdirektiv 70/458/EØF av 29. september 1970 om markedsføring av grønnsakfrø⁽³⁾, sist endra ved direktiv 98/96/EF, særleg artikkel 10 nr. 6, og

ut frå desse synsmåttane:

1) I direktiv 70/457/EØF og 70/458/EØF er det fastsett allmenne reglar med omsyn til kor eigna sortsnamna er, ved ei tilvising til artikkel 63 i rådsforordning (EF) nr. 2100/94 av 27. juli 1994 om EF-planteforedlerrett⁽⁴⁾, endra ved forordning (EF) nr. 2506/95⁽⁵⁾.

2) Når det gjeld bruken av direktiv 70/457/EØF og 70/458/EØF, bør det fastsetjast nærmare reglar for bruk av dei kriteria som er fastsette i artikkel 63 i forordning (EF) nr. 2100/94, særleg med omsyn til dei hindringane for tildeling av sortsnamn som er nemnde i nr. 3 og 4 i den nemnde artikkelen. I første omgang bør slike nærmare reglar avgrensast til følgjande hindringar:

- bruken av namnet vert hindra av ein eldre rett som tilhøyrrer tredjemann,
- namnet er vanskeleg å kjenne att eller attgje,
- namnet er identisk med eller kan forvekslast med sortsnamnet til ein annan sort,
- namnet er identisk med eller kan forvekslast med andre namn,
- namnet er eigna til å villeie eller skape forvirring med omsyn til eigenskapane til sorten eller andre særtrekk.

3) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

I denne forordninga vert det for føremåla med bruken av artikkel 9 nr. 6 første leddet i direktiv 70/457/EØF og artikkel 10 nr. 6 første leddet i direktiv 70/458/EØF fastsett nærmare reglar for bruk av visse kriterium som er fastsette i artikkel 63 i forordning (EF) nr. 2100/94 med omsyn til kor eigna sortsnamn er.

Artikkel 2

1. Dersom tredjemann har ein eldre rett til eit varemerke, vert det rekna som ei hindring for bruken av eit sortsnamn på territoriet til Fellesskapet når den rette styresmakta for godkjenning av sortsnamn får melding om eit varemerke som før godkjenninga av sortsnamnet er registrert i ein eller fleire medlemsstatar eller på fellesskapsplan, som er identisk med eller liknar sortsnamnet, og som er registrert for varer som er identiske med eller liknar den aktuelle plantesorten.

2. Dersom søkjaren har ein eldre rett med omsyn til heile eller ein del av det namnet som det er gjort framlegg om, skal artikkel 18 nr. 1 i forordning (EF) nr. 2100/94 nyttast tilsvarande.

Artikkel 3

1. Eit sortsnamn vert rekna for å vere vanskeleg for brukarane å kjenne att eller å attgje i følgjande tilfelle:

a) når det dreier seg om eit «fantasinamn», og

i) det omfattar éin einskild bokstav,

ii) det er samansett av eller inneheld som ei separat eining ei rekkje bokstavar som ikkje utgjør eit ord som det er mogleg å uttale, med mindre denne rekkja er ei fastlagt forkorting,

iii) det inneheld eit tal, med mindre dette er ein integrert del av namnet, eller det tyder at sorten er eller vil verte ein del av ein nummerert serie med biologisk nærskylde sortar,

iv) det inneheld meir enn tre einingar; når det gjeld artikkel 63 nr. 4 i forordning (EF) nr. 2100/94, er meir enn tre einingar likevel ikkje rekna som ei hindring,

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 108 av 5.5.2000, s. 3, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 158/2002 av 6. desember 2002 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 9 av 13.2.2003, s. 6.

⁽¹⁾ TEF L 225 av 12.10.1970, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 25 av 1.2.1999, s. 27.

⁽³⁾ TEF L 225 av 12.10.1970, s. 7.

⁽⁴⁾ TEF L 227 av 1.9.1994, s. 1.

⁽⁵⁾ TEF L 258 av 28.10.1995, s. 3.

- v) det omfattar eller inneheld eit særst langt ord,
 - vi) det inneheld ein bindestrek, andre mellomrom enn dei som finst mellom einingane som det er samansett av, eit anna teikn, ei blanding av store og små bokstavar innanfor einingane, senka skrift, heva skrift, eit symbol eller ei teikning,
- b) når det dreier seg om ein «kode», og
- i) it consists of a number or numbers only, except in the case of inbred lines or of similarly specific types of varieties;
 - ii) det omfattar éin einskild bokstav,
 - iii) det inneheld meir enn ti bokstavar, eller både bokstavar og tal,
 - iv) det inneheld meir enn fire ulike grupper med éin eller fleire bokstavar og eitt eller fleire tal,
 - v) det inneheld ein bindestrek, eit mellomrom som ikkje skiljer ord som kan uttalast, eit anna teikn, senka skrift, heva skrift, eit symbol eller ei teikning.
2. Når søkjaren leverer inn framlegget til eit sortsnamn, skal han opplyse om det framlagde namnet skal ha form av eit «fantasinamn» eller ein «kode».

3. Dersom søkjaren ikkje gjev opplysningar om forma til det framlagde namnet, skal namnet reknast for å vere eit «fantasinamn».

Artikkel 4

Følgjande føresegner skal nyttast ved vurderinga av om sortsnamnet er identisk med eller kan forvekslast med namnet til ein annan sort:

- a) «kan forvekslast med» skal reknast for å omfatte m.a. eit sortsnamn som skil seg med berre éin bokstav eller eitt tal eller med aksentar over bokstavar, frå sortsnamnet til éin nærskylde sort som er offisielt godkjend for marknadsføring i Fellesskapet, Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet eller ein avtalepart i Den internasjonale unionen for vern av nye plantesortar (UPOV), eller er underlagd plantesortsvern på desse territoria. Ein skilnad på berre éin bokstav i ei fastlagd forkorting som er ei separat eining i sortsnamnet, er likevel ikkje omfatta. Utan at det rører ved artikkel 6, skal denne føresegna ikkje nyttast på eit sortsnamn som har form av ein kode, dersom referansesortsnamnet òg har form av ein kode,
- b) «nærskylde artar» skal reknast for å tyde ein sort som høyrer til den same klassa som er førd opp i vedlegget, eller dersom det ikkje er tilfelle, den same botaniske slekta,
- c) «ein sort som ikkje lenger finst» skal reknast for å tyde ein sort som ikkje lenger vert marknadsførd,
- d) «eit offisielt register for plantesortar» skal reknast som ei tilvising til den felles sortslista for planteartar til jordbruksføremål eller for grønsakartar, eller til alle register som er utarbeidde og vert ajourførde av plantesortskontoret til Fellesskapet eller av eit offisielt organ i medlemsstatane

i Fellesskapet eller i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, eller av ein avtalepart i UPOV,

- e) «ein sort der namnet ikkje har fått ei særskild tyding»: dersom namnet på ein sort som på eit tidspunkt vart skriven inn i eit offisielt register for plantesortar og såleis fekk ei særskild tyding, skal namnet reknast for å ha mista denne særskilde tydinga ti år etter at sorten vart sletta frå registeret.

Artikkel 5

Namn som ofte vert nytta til marknadsføring av varer, eller som i medhald av andre føresegner ikkje skal nyttast, gjeld særleg:

- a) valutanamn eller omgrep som er knytte til vekt og mål,
- b) omgrep som er vortne ein del av kvardagsspråket i heile eller i delar av Fellesskapet, og som med godkjenning som sortsnamn vil hindre at andre nyttar dei til marknadsføring av foryngingsmateriale eller økslingsmateriale av andre artar,
- c) uttrykk som i samsvar med regelverket ikkje skal nyttast til andre føremål enn dei som er fastsette i det nemnde regelverket.

Artikkel 6

Eit sortsnamn vert rekna for å kunne villeie eller skape forvirring dersom:

- a) det gjev det falske inntrykket at sorten har særskilde eigenskapar eller særskild verdi,
- b) det gjev det falske inntrykket at sorten er nærskylde med eller avleidd frå ein annan særskild sort,
- c) det viser til ein særskild eigenskap eller verdi på ein måte som gjev det falske inntrykket at berre denne sorten har denne eigenskapen eller verdien, trass i at andre sortar av den same arten òg kan ha dei,
- d) det på grunn av likskapen sin med eit godt kjent handelsnamn som ikkje er eit registert varemerke eller sortsnamn, gjev det falske inntrykket at sorten er ein annan, eller gjev eit falskt inntrykk med omsyn til identiteten til søkjaren, identiteten til den ansvarlege for vedlikehaldet av sorten eller identiteten til planteforedlaren,
- e) det omfattar eller inneheld:
 - i) komparativar eller superlativar,
 - ii) det botaniske namnet eller delar av dette, på ei slekt eller ein art frå planteriket,
 - iii) det vanlege namnet på ei slekt eller ein art frå planteriket innanfor den gruppa med anten planteartar til jordbruksføremål eller grønsaksplanteartar som sorten høyrer til,
 - iv) namnet på ein fysisk eller juridisk person eller ei tilvising til ein slik, som gjev eit falskt inntrykk med omsyn til identiteten til søkjaren, identiteten til den ansvarlege for vedlikehaldet av sorten eller identiteten til planteforedlaren.

Artikkel 7

Sortsnavn som er godkjende i form av ein kode, skal vere tydeleg merkte som dette i den eller dei relevante offisielle listene som medlemsstatane fører over offisielt godkjende plantesortar, eller i den relevante felles sortslista, med ein fotnote som gjev følgjande forklaring: «sortsnavn som er godkjent i form av ein kode».

Artikkel 8

1. Denne forordninga tek til å gjelde den 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.
2. Ho skal ikkje gjelde for sortsnavn som søkjaren har lagt fram for den rette styresmakta til godkjenning før den datoen då denne forordninga tek til å gjelde.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 4. mai 2000.

For Kommissjonen
David BYRNE
Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG

NÆRSKYLDE ARTAR

[ARTIKKEL 4 BOKSTAV B)]

Klasse A (UPOV-klasse 1):	<i>Avena, Hordeum, Secale, Triticale, Triticum</i>
Klasse B (UPOV-klasse 3):	<i>Sorghum, Zea</i>
Klasse C (UPOV-klasse 4):	<i>Agrostis, Alopecurus, Arrhenatherum, Bromus, Cynosurus, Dactylis, Festuca, Lolium, Phalaris, Phleum, Poa, Trisetum</i>
Klasse D (UPOV-klasse 5):	<i>Brassica Oleracea, Brassica chinensis, Brassica pekinensis</i>
Klasse E (UPOV-klasse 6):	<i>Brassica napus, Brassica campestris, Brassica rapa, Brassica juncea, Brassica nigra, Sinapis</i>
Klasse F (UPOV-klasse 7):	<i>Lotus, Medicago, Ornithopus, Onobrychis, Trifolium</i>
Klasse G (UPOV-klasse 8):	<i>Lupinus albus L., Lupinus angustifolius L., Lupinus luteus L.</i>
Klasse H (UPOV-klasse 9):	<i>Vicia fabia L.</i>
Klasse I (UPOV-klasse 10):	<i>Beta vulgaris L., var. alba DC., Beta vulgaris L. var. altissima</i>
Klasse K (UPOV-klasse 11):	<i>Beta vulgaris ssp. vulgaris var. conditiva Alef. (syn.: Beta vulgaris L. var. rubra L.), Beta vulgaris L. var. cicla L., Beta vulgaris L. ssp. vulgaris var. vulgaris</i>
Klasse L (UPOV-klasse 12):	<i>Lactuca, Valerianella, Cichorium</i>
Klasse M (UPOV-klasse 13):	<i>Cucumis sativus</i>
Klasse N (UPOV-klasse 14):	<i>Citrullus, Cucumis melo, Cucurbita</i>
Klasse O (UPOV-klasse 15):	<i>Anthriscus, Petroselinum</i>
Klasse P (UPOV-klasse 16):	<i>Daucus, Pastinaca</i>
Klasse Q (UPOV-klasse 17):	<i>Anethum, Carum, Foeniculum</i>
Klasse R (UPOV-klasse 21):	<i>Solanum tuberosum L.</i>
Klasse S (UPOV-klasse 24):	<i>Helianthus annuus</i>